



HEILE FYRESDAL

senterpartiet.no/fyresdal

- * Fyresdal Senterparti stiller til val med ei liste av nye og tidlegare folkevalde som gjennom kontakt med innbyggjarane og gode demokratiske prosessar, ynskjer å kome fram til dei beste løysingane og best utnytting av felles ressursar.
- * Fyresdal Senterparti vil i dei neste 4 åra sjå til at me kan halde fram med å gje gode kommunale tenester og vi vil legge til rette for eit godt arbeidsmiljø for dei flinke og engasjerte medarbeidarane på alle felt.
- * Fyresdal Senterparti vil framleis ha fokus på tilrettelegging for satsing i næringslivet. Auka sysselsetting og vekst i folketalet er heilt naudsynt for at vi kan halde fram å vere ein god kommune å bu og leva i. Fyresdal har lange og ubrotne tradisjonar for eit godt og aktivt landbruk og det er viktig å halde oppe optimismen i husdyrhaldet der fleire vel å satse på garden.
- * Fyresdal Senterparti vil at kommunedelplanen for næring, landbruk og busetjing skal vere førande for kommunens arbeid med nye og eksisterande arbeidsplasser og vi vil gjennom ein prosess med lokalt næringsliv og innbyggjarane i Fyresdal sørge for at denne planen vert rullert tidleg i neste kommunestyreperiode.
- * Fyresdal kommune har lite lånegjeld samanlikna med andre kommunar i regionen. Ansvarleg økonomisk styring må samstundes gje rom for framtidsretta investeringar.
- * Mangfaldet av lag og organisasjonar i Fyresdal er stort, og vi finn inkluderande miljø og gode møteplassar i heile kommunen. Utan friviljuge innan idrett og organisasjonsliv stoppar Fyresdal opp.
- * Kyrkja er open og inkluderande og tek vare på viktige verdiar og tradisjonar. Tilsette, sokneråd og friviljuge gjer ein stor innsats.
- * Fyresdal har mista arbeidsplasser og tenester knytt til statlege oppgåver som er blitt sentralisert og nedlagd. Fyresdal Senterparti vil arbeide for å snu denne utviklinga for at me i framtida skal ha eit tilbod som innbyggjarane er nøgd med.



Fyresdal Senterparti vil ha fokus på 6 hovudpunkt dei neste 4 åra:

1. Nærings, samferdsel og miljø

Vi vil:

- Setje av nok pengar til næringsfond for å stimulere nyetablering og vidareutvikling innan det private næringsliv.
- Ha fleire gardar i drift og handheve bu- og driveplikta. Dei som ynskjer det, skal ha tilgang på godt drenert jord i god hevd.
- Fortsette arbeide med å behalde og oppgradere fengselet i Kleivgrend.
- Utnytte utmarkressursane med å satse på hyttebygging, reiseliv, ski-, tur- og skuterløyper.
- Ha fokus på kompetansearbeidsplassar.
- Legge til rette for lærlingeplassar.
- Fylgje opp tiltaka i Plan for landbruk, næring og busetting.
- Strekke fiber til heile kommunen.
- Nyte alle kanalar som kan føre til gode vegar til Fyresdal og innan kommunen.
- Stø opp om etablering av ladestasjonar for elbil.
- Seie nei takk til vindkraftutbygging.

2. Gode oppveksttilhøve for barn og unge

Vi vil:

- At alle barn i skule og barnehage skal få god og næringsrik mat som eit folkehelsetiltak.
- Oppretthalde og utvikle gode møteplassar og fritidstilbod for barn og unge, med særleg tanke på å styrke ungdomsklubben.
- Sikre at skule og barnehage får ressursar til å gje eit godt tilbod tilpassa kvart einskild barn.
- Ha fokus på helse og tryggleik i skule og barnehage.
- Lære barna våre om trygg trafikk ved å ha tydeleg oppmerking av gangveg frå skilta parkeringsplass til skule, barnehage og helsehus.

Ta i bruk «inn på tunet» og liknande, med tilbod om alternative læreplassar som gir dokumentert opplæring

3. Godt helse- og omsorgstilbod

Vi vil:

- At omsorgstenesta i Fyresdal framleis skal vere av dei beste i landet.
- Ha sterkt fokus på auka kompetanse for å møte nye utfordringar.
- Satse systematisk på førebygging og rehabilitering.
- Take i bruk ny velferdsteknologi og andre hjelpemiddel som gjer folk meir sjølvhjelpte og kan bu lenger heime.
- Utvide dagtilbodet for heimebuande eldre.
- Ha både fysioterapi- og ergoterapisteneste.
- Sette fokus på psykisk helse.

4. Kommunestrukturen

Vi vil:

- Arbeide for at Fyresdal kan halde fram som eigen kommune.
- Samarbeide med dei andre kommunane i Vest-Telemark om kommunal tenesteyting der det er naturleg.
- Skape positiv blest rundt Fyresdal gjennom omdømme- og merkevarebygging.

5. Busetting med eit sterkt sentrum og positiv utvikling i grendene

Vi vil ha:

- Eit sentrum med variera tilbod innan handel, kultur, offentlege tenester, sport og fritid og eit særmerkt landsbymiljø i Folkestadbyen.
- Levande grender med huskrullar, gardar, småbruk og særprega naturtomter.
- God og informativ skilting av offentlege bygg og parkeringsplassar.
- Støtte til 1. gongs etablering av eigen bustad i Fyresdal til unge (under 35 år) med tilskott på inntil kr. 100.000.-

6. Kultur og kyrkje

Vi vil:

- Gjere storsalen i Samfunnshuset om til «Førsdalsstoga».
- Legge til rette for eit rikt og variera kulturliv med gode og inkluderande møteplassar, idrettsglede og gode opplevingar.
- Vidareføre Kulturskulen med minst same breidde som nå.
- Stø opp om friviljug arbeid i grendelag og andre organisasjonar, for trivsel, dugnad og samkjensle.
- Stø opp om det viktige arbeidet kyrkja gjer, med stor innsats av tilsette, sokneråd og friviljuge.

Kommunestyrekandidatar

1



Kjell Sverre Thoresen,
1962

2



Svein Olaf Slyngstad,
1966

3



May Britt Festervoll,
1954

4



Saamund Gjersund,
1955

5



Olav Kvift,
1993

6



Janne Lunden Teksle,
1976

- 7. Anders Bergsland, 1986
- 8. Lars Egil Libjå, 1972
- 9. Olav B Haug, 1990
- 10. Tone Susanne Kvasjord, 1998
- 11. Pål Kjetil Kiland, 1983

- 12. Arne Dag Lasemo, 1954
- 13. Kåre Kirkevoll, 1959
- 14. Kristin Libjå, 1990
- 15. Hans Petter Frantzen, 1961
- 16. Øystein Libjå, 1993
- 17. Trine Kirkevoll, 1964
- 18. Robert Libjå, 1987

- 19. Gunhild Agnes Svalestog, 1970
- 20. Olav Skräei, 1942
- 21. Anne Snarteland, 1996
- 22. Ketil O Kiland, 1956
- 23. Børge Sandum, 1955